

Syntaksavhengig *a*-infinitiv i eldre nordnorsk

Av Eldar Heide

Det er ei utbreidd oppfatning at nordnorsk har apokopeinfinitiv i sør, og så e-infinitiv frå Ofoten og nordre Vesterålen. Slik kan det ikkje ha vori så svært lenge. På indre Midt-Helgeland har infinitiven til dels enno -a (-æ) føre pause. Slik syntaksavhengig a-infinitiv var det truleg i heile landsdelen før, utanom Rana og Sør-Helgeland, som hadde jamvekt, noko eg vil argumentere for i denne artikkelen. Dette er ein ny idé, men vitnemål om eldre a-infinitiv finst enno i regler og vers i alle fall i Sør-Troms og på Andøya.¹

I prinsippet skulle det vera slik at dersom ein dialekt har haldi på *-a* i linne hokjønnsord og inkjekjønnsord – altså *ei gryta* og *eit øyra* (< gammalnorsk *gryta*, *øyra*) – så skulle han òg ha *a*-infinitiv, for dersom utlyds-*a* held seg i éin ordklasse, så skulle han gjera det i ein annan òg. Men det viser seg at endingane i verb ofte er meir nedslitne enn tilsvarende endingar i substantiv. Såleis er det store delar av Nord-Noreg der det tradisjonelt heiter *ei gryta* og *eit øyra* (jamvel om *-a* ofte er uvanleg i inkjekjønnsord), men *å kaste* eller *kast* – nemleg nord og sør for apokopeområdet som når frå Salten til Vesterålen. Tilsvarende har ein del dalar i indre Sør-Trøndelag framleis endevokal i ubunden form av gamle langstava linne hokjønnsord (*ei gryte*), men apokope av tilsvarende infinitivar (*å kast_*. Larsen 1908: 266–67). I mesteparten av Trøndelag heiter det *båta* i fleirtal, men *kaste* i presens, av *båtar* og *kastar*. I det nordafjelske Noreg er *-r* halden i fleirtalsformer som *hender* og *føter*, men aldri i presensformer som **kjemer* og **dreger* (< *hendr*, *fôtr*, *kemr*, *dregr*). I Sør-Sverige held *-t* i substantiv seg i eit mykje større område enn i verb (Wessén 1935: 26). Lista kunne lett gjerast mykje lengre, jf. Torp 2003.

1. Takk til *Maal og Minnes* anonyme konsulent for litteraturtips og til Finn Myrvang og Aud-Kirsti Pedersen for hjelp med å finne gamle rim med *a*-infinitiv.

Som Amund B. Larsen peika på (1908: 91), og fleire etter han (m.a. Reitan 1922: 102 ff., Ingers 1939: 206, 219; Christiansen 1973 [1948]: 193, Dalen 2000, Torp 2003: 247–50), må denne skilnaden ha samanheng med at verba oftare enn substantiva står trykklett i setninga. Det er fordi dei nordiske språka er SVO-språk, med subjekt – verbal – objekt som vanlegaste setningsfølgd – jamvel om dette snarare fører til at verbet står inneklemt enn trykklett. Her er nokre setningsdøme (konstruerte av meg):

Eg måtte kaste ei gryta (Troms).

Eg måtte kast_ ei gryte (Selbu).

Ho kaste to steina (m.a. Trøndelag; < *kastar, steinar*).

Ho kaster to stenær (lengst søraust i Østfold; < *kastar, steinar*)

Han skyt_ to ender (nordafjells; < *skýtr, endr*).

Han har tappa_ greppet (nordre Sør-Sverige).

I slutten av setninga (føre pause) er det god plass til å uttala endinga skikkeleg, medan ord inneklemda i setninga lettare får endinga nedsliten.

Det tradisjonelle infinitivssystemet ("fri apokope") på Midt-Helgeland (Riksheim 1921: 39–40, Øksendal 1977: 486–87, Sjøvik 1999: 50) er ein konsekvens av denne skilnaden: Når verbet står inneklemt i setninga fell endinga bort, men når verbet står fritt i slutten av setninga (føre pause), held infinitivsendinga seg² (som ein mellomting – i mine øyre – mellom *a* og *æ*; eg skriv for enkelheits skuld *a*); slik (mine, konstruerte døme):

Eg mått_ kast_ ei gryta.

Det var'kje gryto eg mått_ kasta.

Eit slikt system, med syntaksavhengig *a*-infinitiv, er òg kjent frå andre dialektar i Norden, helst slike som ligg på grensa mellom mål som held konsekvent på utlyds-*a* og mål som konsekvent svekker han. På Agder er det såleis nokre område, mellom *a*-målet i vest og *e*-målet i aust, som held på *-a* i linne hokjønnsord, men svekker infinitivsendinga (*å kaste ei kista*), og altså er det vi kallar *e/a*-mål (sjå Helleland og Papazian 1981: 28, Sandøy 1987: 128–29). Ein del av dette målvaldet, nemleg innlands-

2. Mange andre trykklette fell bort eller held seg etter same system.

bygda Hornnes lengst vest i Vest-Agder, har fram til i dag hatt det same systemet som Midt-Helgeland, berre at den svekte infinitivsendinga er *-e*, ikkje bortfall (Hægstad 1916: 109). Slik er det òg på grensa mellom *a*-mål og *e*-mål i Skåne (Ingers 1939: 204–6, 216, Hesselman 1948: 46) og i Midtre Bohuslän (ibid: 46, Torp 2003: 247–50³) og delar av Dalarna (Hesselman 1948: 39). Ein del mål som i regelen har apokopert infinitiv held på *-e* etter det same systemet: Dei danske øymåla, gutamålet (utanom Fårö), og overgangsmål i Värmland og ved Kalmar (ibid: 38–41). Frå dei fleste av desse måla er det opplyst at endinga kan halde seg også når verbet får ekstra trykk inne i setninga (fordi ein skal poengtere noko), ikkje berre før pause. Slik har det truleg vori før med *a*-infinitiven på Midt-Helgeland òg. Dét er det tradisjonelle på Sør-Helgeland, som modifisering av den jamvektsregulerte infinitiven der: Nokre av jamvektsverba får apokope i infinitiv når dei står inneklemda i setninga, men held på *a*-endinga når dei står føre pause eller med ekstra trykk inne i setninga (Olssen 1958: 45–46).

Det skisserte systemet består av ein *default*-regel og to unntaksreglar. Berre i få tilfelle får verbet full ending, og då kan det lett skje at ein avviklar unntaksregelen og brukar kortforma over alt (jf. Torp 2003). Det er i ferd med å skje på Midt-Helgeland; det vanlege no er apokopert infinitiv også føre pause og når ein legg trykk på verbet, bortsett frå hos godt vaksne i innlandsbygdene (Per Sjøvik, Mosjøen, juni 2012). Det skisserte systemet er altså eit overgangssteg frå full ending i alle tilfelle til avveikt ending i alle tilfelle (jf. Hesselman 1948: 43, Torp 2003). Vi må rekne med at slike syntaksavhengige mellomsteg har funnist i fleng opp gjennom språkhistoria; mange fleire enn dei som er dokumenterte.

Når det gjeld infinitivsendinga, skulle vi vente at andre delar av Nord-Noreg òg har hatt eit slikt vekslingsystem som vi kjenner frå Midt-Helgeland, berre at det der forsvann før dialektforskinga kom i gang. I resten av artikkelen skal eg dra fram rim og reglar som ser ut til å vera fossilerte vitnemål om at det var slik. (Rekonstruksjon av eldre språksteg med hjelp av gamle rim er ikkje noko nytt; slik metode har ein brukt m.a. i rekonstruksjon av før-handskriftleg norrønt, sjå t.d. skalde-diktinnrimet *Sigordar – nordan* hos Hreinn Benediktsson 1962.) Dei

3. Hesselman (1948: 46) seier at endinga i ubunden form av svake hokjønnsord kan veksle etter same systemet i Midtre Bohuslän: I prinsippet *-a*, men *-e* når ordet står trykklett, inne i setninga: *e sjäppa*, men *e sjäppe könn*. Torp (2003: 250) seier han ikkje har funni døme på dette i sitt materiale.

dialektane det er mest naturleg å undersøke med tanke på dette, er *e/a*-måla, altså dei som har haldi på utlydande, trykklett *a* i andre ordklassar, nemleg linne hokjønns- og inkjekjønnsord. (Så vidt eg veit er det ingen nordnorske mål som har haldi på *-a* i adverb som *lika* og *heima*. *Gjerna* i nokre mål kan vera eit unntak, men det kan tenkjast å koma av eit sein-gammalnorsk *gjarnan*, som har tillagd *-n*.) Det er Nord-Helgelands-måla (utanom Rana) og måla i Troms (til dels òg Vest-Finnmark), Ofoten og på Andøya. (I ytterkantane av apokopeområdet i Salten – Lofoten – Vesterålen kryp restituert *a-* eller *e-*ending i ubunden form av linne hokjønnsord no inn [att], men det spelar lita rolle i denne samanhengen.) Materialet eg legg fram bygger ikkje på systematisk gjennomgåing av kjeldene, men gjennomgåing av ein del sentrale kjelder, og tips frå Finn Myrvang i Vesterålen og Aud-Kirsti Pedersen i Midt-Troms. Desse distrikta, i tillegg til Sør-Troms, der eg har røter, er derfor overrepresentererte i materialet.

Det klåraste vitnemålet om eldre *a*-infinitiv finn vi i ei segn om korleis tilroren Angvaren (Agnvarden?) / Angvarstø (Agnvardsstø?) i Andfjorden (mellom Senja og Andøya) vart funnen: Det var svart hav, men folk oppdaga at havfolket fekk nøgda av fisk, og våga seg til å spørja kor dei fekk han. Svaret var meda for ein tilror:

Teisten i Trælen
og Årbergsnakken i Ørja.
Nu må du'kje meire spørja.⁴

Dagen etter rodde fiskarane til denne staden, og der beit fisken så fort dei vann å draga. Regla ser ut til å vera kjend rundt heile Andfjorden (fotnote 4). Regla har *a*-infinitiv i *spørja*, endå *a*-infinitiv no er ukjent i denne delen av landet. Det er ikkje nynorsknormalisering hos nedskrivarane

4. Her etter Myrvang 1977: 31. Fyrst oppskrivi av Nicolaissen 1919: 11–12, som var frå Øksnes i Vesterålen; variantar uavhengig oppskrivne av Brox 1990 [1970–76]: 42–43, Myrvang og truleg Ruud 1980: 38. Alle har rimet *Ørja – spørja*, så nær som ein av Brox sine tre variantar; der er rimet *Skare' – svare*. – Meininga i regla er at når ein er slik plassert (på sjøen) at ein ser fjellet Teisten imot (kant-i-kant med) fjellet Trælen og fjellet Årbergsnakken imot øya Ørja, då er ein på denne fiskeplassen. (Alle fjella er på Senja.) Krysset mellom to slike siktelinjer er utgangspunktet for nemninga *med n./f.*, norrønt *mið n.* (av same rota som adverbet *midt*, eigentleg inkjekjønnsord av norrønt *miðr* 'som er midt i', med vokalisme truleg påverka av dansk/tysk); ordet blir brukt om slike landskapssiktelinjer som ein finn tilror med, og sekundært om tilror òg.

som ligg bak,⁵ så det må vera ei genuin, gammal form som er halden oppe av rimet på *Ørja*, som er ei øy i Andfjorden.⁶ Her er eit anna døme, i eit ordtak frå gamle Trondenes herad (Eidnes 1946: 134):

Aukt og spara
kan lenge vara,
men sus og dus
gjer aude hus.

Dette er heile verset. Infinitiven *vara* er neppe nynorsknormalisering, for utgjevaren brukar *e*-infinitiv elles. Her eit anna døme frå Trondenes, eller Kvæfjord (Ruud 1926: 236):

Kjerringa brygga og baka
det skulde kjerringa smaka

I alt er det 11 linjer i regla. Eit døme frå same strøk er:

Beinan må eg gnaga
i alle mine daga.⁷

Dette er dei to siste linjene i ein firelinja song. – Så har eg eit par døme frå Ersfjorden og Rekvika på Kvaløya i Midt-Troms (gamle Hillesøy

5. Når det gjeld Myrvang, så har han fortalt meg det sjølv (22.01.2009), og Nicolaissen brukte ikkje nynorsk.
6. Her kan det faktisk tenkjast at den fossilerte infinitivsforma har levd innkapsla i regla heilt frå gammalnorsk tid. *Ørja* var *Yrjar* (m. pl.) på gammalnorsk (Rygh og Rygh 1911: 78), og då ville strofa rime like godt den gongen (her med Brox-varianten *Årberg* for *Årbergsnakken*): *Þeisti i Þræl / *ok Árberg i Yrja. / *Nú má ekki meira spyrja. (Akkusativ *Þræl*, *Yrja* fordi nomen som står til *i* er akkusativ i islandske medregler [Lúðvík Kristjánsson 1983: 194–200]. Ubunden form fordi bunden artikkel ikkje kom før på 1100-talet, i stadnamn ikkje før på 1200-talet, seinare i Nord-Noreg [og på Island stort sett ikkje enno. Sjå Haslum 2003: 68–72]). At det er stavrim i alle tre linjene og stavrim på vokal (á – y) kan peike mot gammalnorsk. Medregler er kjende frå mellomalderen på Island (*Bárðar saga* 1991: 124–25, Lúðvík Kristjánsson 1983: 194), og Hovda (1961: 229–30) peikar på at det finst norske medregler som er stavrima og enkelt kan overførast til det norrøne stavrimversemålet *fornyrðislag*. *Ørja*-strofa treng likevel ikkje vera så gammal.
7. Desse linjene er frå songen *Sild og potet*, som Birgitte Grimstad syng på plata *Birgitte Grimstad – synger viser* frå 1966. På plateomslaget står det at songen er nedskreven av Edvard Ruud, som var frå Trondenes herad, men kjelda er ikkje opplyst, og eg har ikkje klart å spora ho opp.

kommune), oppskrivne av Ruth Helene Pedersen (formidla av dottera, Aud-Kirsti Pedersen i juni 2012⁸): Under verset *Klappe kaka søte* har ho føydd til at ein i fyrste linje i staden for “Klappe, klappe søte” kan synge “Baka kaka søte”, altså med *a*-infinitiv i *baka*. Verset *Reven han lakka på strete* lyder slik:

Reven han lakka på strete,
 hørte han lammet, det grete.
 Ti, ti du lille lam.
 Æg skal ete det i mi vom.
 Nei, nei sa kua,
 lammet mett skal få suga.
 Men æg skal henge dæg opp i ett tre,
 så rompedilten din dingle ned.

Her er det *a*-infinitiv i *suga*, på grunn av rimet på *kua*.

I rimet *gnaga – alle mine daga* kan det tenkjast at det ikkje er *a*-infinitiv, men ei samandraging av *gnage* og *av*, altså *gnag'a*. Dei andre døma er utvitydig *a*-infinitiv. Det er likevel tenkjeleg at desse versa har vandra frå målvald som har *a*-infinitiv, anten generelt eller i gamle jamvektsverb, som *vara*, *smaka*, *gnaga* og *baka* er (men ikkje *suga*). Dei sikre opphavsområda vi særleg kan tenkje oss då er Rana (jamvekt; Christiansen 1964: 473–74), Midt-Helgeland (sjå ovanfor), Sør-Helgeland (jamvekt; Olssen 1958: 45–46) Trøndelag (jamvekt), eller Sørvestlandet (*a*-infinitiv). Men det er ikkje uproblematisk at rim med *a*-infinitiv skulle få innpass i Troms dersom *a*-infinitiv var ukjent i dialekten der. Det er uansett sannsynleg at dialekten i området tidlegare hadde *a*-infinitiv føre pause (og når verbet hadde trykk – ovanfor), og då skulle vi nettopp vente å finne *a*-infinitiv i gamle enderim frå dette området. Når rimet *Ørja – spørja* udiskutabelt har oppstått der, så er det rimeleg å sjå dei andre *a*-infinitivane òg som fossil frå ei tid då *a*-infinitiv var eit mogleg alternativ i dialekten (anten eitt eller fleire av versa er lånte eller ikkje).

Ein kunne òg tenkt seg at desse *a*-infinitivane er slike “falske” endings-*a*-ar som er påviste i bygdemålsviser frå dansketida, forklarte med at *-a* vart oppfatta som norsk, motsett dansk, slik at *a*-en kunne plasserast inn vilkårleg for å “signalisere norsk” (Sandøy 2011a: 164, Sandøy 2011b:

8. Ruth Helene Pedersen var fødd i 1917 og skreiv opp reglene på 1970–80-talet. Dei er ikkje publiserte.

129; Venås 1990: 33, Indrebø 2001: 329). Men den forklaringa høver ikkje så godt, for mine døme er frå tydeleg munnlege regler som har gått i folkeleg tradisjon, medan det er i skriftlege, nyskrivne dikt og songar vi finn dei falske *a*-ane.

Fordi Nord-Helgeland òg har haldi oppe *a*-endinga i linne hokjønns- og inkjekjønnsord, burde sjansen til å finne *a*-infinitivsfossil vera like stor der som i Sør-Troms, eller større, sidan Midt-Helgeland, som til dels enno har *a*-infinitiv, ikkje ligg langt unna. (Men i Rana ser det ut til at jamvektsregulert infinitiv er det gamle, sjå Christiansen 1964.) Om det finst, har eg ikkje hatt høve til å undersøke, men vonar at andre kan gjera det. Eitt døme har eg likevel, litt tilfeldig, frå Meløy, aller nørdest i dette området (Vassdal og Riksheim 1926⁹):

Mor ho baka kaka,
so gav ho meg ei kaka 'pund øra
so ha ho meg ut å kjøra

Der sat ein fugl på kyrkjetak
vakker pipa låta.
Gje no barnet mykje mat,
og lat det ikkje gråta.

I alt er det sju strofer i barneregla. Her er det *a*-infinitiv i *kjøra* og *gråta*. Denne regla kan òg ha komi vandrande frå *a*-infinitivsmål (ikkje frå jamvektsmål; dette er overvektsverb), men det burde vera unødvendig å ty til den forklaringa, når det er grunn til å tru at dialekten tidlegare hadde *a*-infinitiv føre pause, slik det er i enderim. Faktisk finn vi Midt-Helgelands-systemet i eit linjepar (utan rim) tidlegare i regla:

Kvar skal ho flyga?
Ho skal flyg_ til Engeland

Det er dessutan andre ting i regla som viser at ho er overlevert frå tidlegare språksteg, slik utgjevaren peikar på: I fyrste strofa er det eit rim *løken – gauken*, som må vera laga før den lånte forma *løk* trengde ut den heimlege *lauk* (jf. stadnamn som *Laukvika*, der *lauk* er vill graslauk, til

9. Det går fram av Håløygminne 3–4 1924 at versa er samla av Vassdal i heimbygda hennar, Meløy. Takk til Finn Myrvang for dette dømet.

skilnad frå kulturplanten og handelsvara *løk*). Seinare er det eit rim *måga* (= m.pl. *mågar*) – *plaga*, som føreset ei eldre form *plåga*.

A-endingsfossil kan godt finnast også i målvaldet som apokoperer *a*-endinga i ubundne linne hokjønnsord (i tillegg til infinitiv), nemleg i Salten (nord for Meløy), Lofoten og Vesterålen. Sant nok er tendensen til å kaste endingar sterkare der enn der *a*-endinga står i ubundi hokjønns, men, som Dalen (2001 [2000]: 207) har peika på, kan apokopen i Nordland vanskeleg ha teki til å verke før på 1500-talet eller seinare. Det er fordi den nordlandske apokopen, i motsetnad til den trøndske, ikkje gjer skilnad på gammalnorsk kort og lang rotstaving, og då er det grunn til å tru at det gammalnorske kvantitetssystemet var avvikla då den nordlandske apokopen sette inn. Samtidig bør vi gå ut frå at apokopen også i Nordland begynte i tilfelle der ordet stod inneklemt i setninga. Då kan ein i lange tider ha haldi fram med full ending føre pause og når ordet hadde ekstra trykk (både i verb og substantiv) – kanskje lenge nok til at rim i regler og songar frå den tida har levd fram til vår tid. Frå Indre Agder har vi kjelder som viser at systemet med syntaksavhengig infinitiv har levd svært lenge. Det er synleg i 14–1500-tals diplom frå området (tydelegast i eit frå Setesdal frå 1559); i kjelder frå 1700-talet ser vi at det fanst over store delar av Indre Aust-Agder då, og i eit lite område har det levd heilt fram til vår tid (Hægstad 1916: 109–10).

Temaet for denne drøftinga har ei viss interesse for Aasen sitt grunnlag for å velja *a*-infinitiv i landsmålet. Han ville nok ha valt *a*-infinitiv uansett, av historiske grunnar, men han kan ha sett Helgelands-målet som stø for dette valet. I det tradisjonelle Midt-Helgelands-systemet ligg *a*-infinitiven under, jamvel om han oftast ikkje blir realisert, og då Aasen reiste på Helgeland i 1846 må dette systemet ha vori fullt levande over heile Midt-Helgeland. (Gjerne på ytre Nord-Helgeland òg, men dit fór ikkje Aasen den venda.) Då Aasen fór til Tromsø i 1851 var *a*-infinitiven i landsmålet alt spikra, men det er ikkje utenkjeleg at han hørde syntaksavhengig *a*-infinitiv i delar av Troms då. Vidt utbreidd var systemet neppe der då, men det kan ha funnist i visse strok, eller éi bygd, som på Indre Agder tidleg på 1900-talet. I så fall var det nok helst i Sør-Troms, som ligg lengst unna *e*-målet i Nord-Troms, etter alt å døme oppstått av innflytting i tidleg moderne tid (Elstad 1982: 64–67, Heide i kjømda).

Litteratur

- Bárðar saga [Snæfellsáss]*. 1991. I *Harðar saga*. Íslenzk fornrit 13. Utgåve Bjarni Vilhjálmsson og Þórhallur Vilmundarson. Reykjavík: Hið Íslenzka fornritafélag. 99–172.
- Brox, Arthur. 1990 [1970–76]. *Folkeminne frå Ytre Senja. Segner, skrømt og varsel, gand og forgjering, tru og overtru, bygdedokterar og runekallar*. 2. utg. Espå: Lokalhistorisk forlag.
- Christiansen, Hallfrid. 1964. “Ranværingdialekten”. I Axel Coldevin (red.): *Rana bygdebok 1. Hemnes og Mo prestegjeld til 1850*. [Mo i Rana]: Mo sparebank. 466–94.
- . 1973 [1948]. *Norske dialekter 3. De viktigste målmerker og deres råderom*. Oslo: Tanum-Norli.
- Dalen, Arnold. 2000. “Apokopen i Trøndelag og i Nord-Norge – to ulike prinsipp?”. I Lennart Elmevik (red.). *Dialekter och folkminnen. Hyllningskrift till Maj Reinhammar den 17. maj 2000*. Uppsala: Swedish Science Press. 43–47.
- . 2001 [2000]. “Apokopen i Trøndelag og i Nord-Norge – to ulike prinsipp?”. I Jan Ragnar Hagland og Tor Erik Jenstad (red.). *Spor i trønderord. Festskrift til Arnold Dalen*. Trondheim: Tapir akademisk forlag. 205–8.
- Eidnes, Hans. 1946. *Tru og tradisjon. Gamalt frå Hålogaland*. Trondheim: Brun.
- Elstad, Kåre. 1982. “Nordnorske dialektar.” I Tove Bull og Kjellaug Jetne (red.). *Nordnorsk. Språkav og språkforhold i Nord-Noreg*. Oslo: Det Norske Samlaget. 9–100.
- Haslum, Vidar. 2003. *Artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk. En studie i onomastikk og dialektologi*. Dr. art.-avhandling, Universitetet i Bergen. [Bergen]: Nordisk institutt, Det historisk-filosofiske fakultet.
- Heide, Eldar, i kjømda. “Tidleg dialektkontakt i Nord-Noreg”.
- Helleland, Botolv og Eric Papazian. 1981. *Norsk talemål. Lærestoff og tekster til 3 programseriar om norsk talemål*. NRK – Skoleradioen. Oslo: Grøndahl.
- Hesselman, Bengt. 1948. *Huvudlinjer i nordisk språkhistoria*. Nordisk kultur III–IV. 3 hefte med løpande paginering. Uppsala: Almqvist och Wiksell.
- Hovda, Per. 1961. *Norske fiskeméd. Landsoversyn og to gamle médbøker*. Skrifter frå Norsk stadnamnarkiv 2. Oslo: Universitetsforlaget.

- Hreinn Benediktsson. 1962. "The Unstressed and the Non-Syllabic Vowels of Old Icelandic". *Arkiv för nordisk filologi* 77. 7–31.
- Hægstad, Marius. 1916. *Vestnorske maalføre fyre 1350 II, Sudvestlandsk 2, Indre sudvestlandsk Færøymaal Islandsk*. Kristiania: Dybwad.
- Indrebø, Gustav. 2001. *Norsk målsoga*. 2. utg., auka og umvølt. Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Ingers, Ingemar, 1939. *Studier över det sydvästskånska dialektområdet*. Skrifter utgivna genom Landsmålsarkivet i Lund. kart. Lund: Gleerup.
- Larsen, Amund B. 1908. "Selbygmålets lydlære". I Marius Hægstad og Amund B. Larsen (red.). *Norvegia. Tidsskrift for det norske folks maal og minder*. 2. Udgivet av Samfundet for norske maal og traditioner. Kristiania: Grøndahl & Søn. 8–22, 83–98, 155–89, 235–46.
- Lúðvík Kristjánsson. 1983. *Íslenzkir sjávarhættir III*. Reykjavík: Bókaútgáfa Menningarsjóðs.
- Myrvang, Finn. 1977. *Att i Ariblå*. Folkeminnesamlingar frå Andøya. Bodø: F. Myrvang.
- Nicolaissen, O. 1919. *Fra Nord-Norge. Skisser og sagn*. Kristiania: Dybwad.
- Olssen, Olaf. 1958. *Brønnøymålet. Lydverket*. Skrifter frå Norsk målføreakiv 13. Oslo: A/S Bokcentralen.
- Reitan, Jørgen. 1922. *Nytrøndsk ordforkorting og betoning*. Videnskaps-selskapets skrifter. II, Hist.-filos. klasse; 1921: 9. Doktoravhandling. Kristiania.
- Riksheim, Vilhjelm. 1921. *Ljodvokstren i Vefsn-målet (Ner-Vefsn)*. Kristiania: Aschehoug.
- Ruud, Edvard. 1926. "Regler og rim: Frå Trondenes og Kvæfjord". *Hå-løygminne* 4. 236–38.
- . 1980. *Det mørke landet. Nordnorske eventyr og segner*. Illustrert av Karl Erik Harr. [Oslo]: Fonna.
- Rygh, Karl og Oluf Rygh. 1911. *Norske Gaardnavne 17. Tromsø amt*. Kristiania: Fabritius.
- Sandøy, Helge, 1987. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- . 2011a. *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sms – og vel så det*. Oslo: Novus forlag.
- . 2011b. "Nordvestlandsk i tidlig moderne tid." I Helge Sandøy og Ernst Håkon Jahr (red.): *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814)*. Minneskrift for Kjartan Ottosson. Oslo: Novus forlag. 124–43.

- Sjåvik, Per. 1999. "Dialektane på Helgeland". *Årbok for Helgeland* 1998. 44–59.
- Torp, Arne. 2003. "Frekvens, trykkletthet, reduksjon". I Jan Terje Faarlund (red.): *Språk i endring. Indre norsk språkhistorie*. Oslo: Novus. 219–54.
- Vassdal, Kristine og Vilhjelm Riksheim. 1926. "Barnevers". *Håløygminne* 3. Uppskrivne av Kristine Vassdal, utgjevne av Vilhjelm Riksheim. 218–19.
- Venås, Kjell. 1990. *Den Fyrste morgonblånen. Tekster på norsk frå dansketida*. [Utgjeven av Det norske språk- og litteraturselskap]. Oslo: Novus.
- Wessén, Elias. 1935. *Våra folkmål*. Stockholm: Fritzes.
- Øksendal, Kjell M. 1977. "Målføret i Vefsnbygdene". *Vefsn bygdebok III*. Mosjøen: Vefsn kommune. 439–509.

Eldar Heide

Senter for mellomalderstudium
Universitetet i Bergen
Postboks 7805, 5020 Bergen
Eldar.Heide@cms.uib.no